


Nr. 7

DESEMBER 1989

22. ÅRG.



# JUL — GUDS JA

Av biskop Per Lønning

Jul er Guds JA til jorden. Og til oss jordboere. Julen er budskapet om at himmel og jord hører sammen. Gud er ingen fremmed. Uten jul var jordliv noe helt annet enn det er nå. Da hadde vi levd på en kaldeklode.

Jul er ikke noe selvsagt. Noe vi kunne ha regnet oss til av oss selv. Eller gjøre krav på. «Gud bor i et lys dit ingen kan komme, han som intet menneske har sett og heller ikke kan se», heter det (1. Tim. 6,16). Avgrunner skiller oss fra den Grenseløse. Våre tanker og talemåter er skåret til etter det fem jordiske sanser er i stand til å oppfatte. Men hvor langt rekker de? I hvert fall ikke til universets og alle tings opphav. For ikke å snakke om: det himmelske lys — hva med mørket som vi lager for hverandre? Gud den hellige — jeg en synder.

Det helt utrolige inntreffer julenatt: himmelen stiger ned til jorden. Gud på vår jord! Ja, ikke bare det: Gud — en av oss jordiske! I kjøtt og blod, i arbeid og hvile, lever vårt liv, dør vår død. Retter hendene fram, fulle av himmelsk herlighet. En dag blir hans oppstandelse vår oppstandelse. Av jord.

Den Gud som en gang skapte jorden, blir ikke sittende bak alle stjerneblåner: intelligensen bak det som er bak det som er bak... i det endeløse. Han kommer oss nær, gjør seg til del av det skapte. Utrolig! Gjør seg jordisk. Menneskelig. Vi kunne si: hjemlig. Hvor mange av oss har ikke sett for seg Betlehemskrybben i stallen (eller fjøset eller vedskjulet) til våre besteforeldre? Kan hende var ikke **det** så dumt som tankeløse voksne gjerne ville ha det til.

Skaperen sier JA til skaperverket, Han vil ikke gi det fra seg, han er ikke tenkt det til undergang. Derfor stiger han inn i det: Guds sønn — Menneskesønnen! For at vi ikke skal være i tvil om at Han fremdeles er mellom oss og vandrer på den samme jord, har han knyttet sitt nærvær hos oss til jordiske — umiskjennelige jordiske — gaver: vannet i dåpen — ur-elementet som alt levende er kommet fra, stoffer som utgjør en større del av kroppen vår enn noe annet. Brødet i nattverden — Jesu legeme som bekrefter at han har delt liv og lagnad med oss alle — kommer fra melet, fra kornet, fra akset, fra strået med røtter dypt i molden. Vinen i nattverden — Jesu blod, som bekrefter at han har dødd vår død for å skjenke oss sitt liv — kommer fra druen, fra klasen, fra ranken med røtter dypt i molden. Kirkens hellige sakramenter er ikke noe annet enn Guds stadige JA til julenatt. De fastslår underet: jorden er blitt bærer av himmelsk liv. Forgjengelighet blir vigslet til herlighet. Himmelen sier JA til jorden. Gud sier JA til mennesket.

*Sæle stunder, store under,  
store under og løyndoms skatt!  
Møyi vart moder, Gud vart vår broder,  
Gud vart vår broder i jolenatt.*  
(Norsk Salmebok 65,4)

Gledelig jul — jul på jord, jul av jord.  
For oss jordiske.

# Fredagskafé i Betania



Fredagskaféen i Betania bedehus ser ut til å ha vorte ein suksess.

Fredagskaféen i Betania bedehus er eit nytt tilbod for ungdomar på Espeland og Lone. Den blir arrangert ein gong i månaden. Fredagskaféen startar kl. 21.00 og heldt fram til kl. 24.00 (minst). Det blir selt mat og spelt musikk. Ein gong kvar time er det eit kvarter med kristen allsong og vitnesbyrd.

Hensikten med arrangementet er å skape kontakt mellom dei som går i bedehuset og dei som ikkje går der, og å vise andre kva kristendomen går ut på og korleis det er i eit kristent miljø.

Ei lita gruppe av dei som står for arrangementet er ute og inviterar inn ungdomar som dei møter rundt omkring. Det vert sete bønnevakt heile kvelden.

Hittil har arrangementet vore svært vellykka, seier dei som er med. Det har vore to fredagskafear i haust. Den første var i oktober. Då gjekk det over all forventning. Nærare hundre ungdomar kom innom. Neste fredagskafé er 8. desember, og ein håpar på fortsatt god oppslutning om arrangementet.

## JULEKONSERT

Arna kyrkje søndag 17. desember kl. 19.00.

Der medverkar Musikklaget Janus, Gullfjellet trekkspelklubb, Arna kyrkjekor, vikarprest Gotfred Haugland og Kantor Asbjørn Flåm. Fri entré. Kollekt.

## VI SYNG JULA INN

Onsdag 20. desember (merk dag) kl. 19.00 syng vi jula inn i Arna kyrkje.

Her medverkar forutan Arnavågen musikklag alle kor i Arna kyrkjelyd, Aspirantkoret, barnekantoret, Keryx, prosjektkoret og Arna kyrkjekor. Fungerande sokneprest Harald Sundsbø. Kantor Asbjørn Flåm. Vel møtt.

## Storsamling på Trengereid

Trengereid skule hadde også dette året lagt skulegudstenesta til ein søndag. Det vart rekna for skuledag, og elevane var engasjert i familiegudsteneste i Trengereid kapell 26.11. Kapellet vart fullsett og meir til, og det var mange fine innslag som elevar og lærarar har øvd inn. Innslaga var samla rundt temaet for gudstenesta, og då vi var ferdige i kapellet, var det kyrkjecafé på skulen. Der stod elevar for serveringa og lynlotteri. Inntektene gjekk til Skolens Ulandsprosjekt i Kamerun, og det kom inn i alt kr. 3356. Ein fin innsats frå elevar og lærarar!

## Julekonsert Ytre Arna

Julekonsert i Ytre Arna kyrkje søndag 17. des. kl. 19.00.

Arne Musikforening, dir. Yngve Jakobsen Ytre Arna kyrkjekor, dir. Siri Brunvoll Bergen Nord Kammerkor, dir. Bjørn Berentsen Sissel Gutterud, saksophon. Kollekt.

## 10-års jubileum

Indre Arna «Barnerøster» feirar i år 10-års jubileum. Dette vil ein markera og ønskjer alle velkomen på fest i ARNA BEDEHUS SØNDAG 10. DESEMBER KL. 16.30.

Det blir variert program, bl.a. song av tidlegare medlemmer av «Barnerøster» og av «Barnerøster» som driv nå.

## Basar for Kyrkjelydshuset

Laurdag 9. desember kl. 15.00 vert det basar i Arna Bedehus til inntekt for Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Årsal, kakelotteri, sal av kaffe, saft og vaflar.

Arna barnekantori deltek og Øyvind Øy held andakt.

Vil du støtte arbeidet med kyrkjelydshuset, så kom på basar!

## Julespel

Mandag 18. desember kl. 18.30 vert det julespel i Arna kyrkje. Det er Rostadheimen som arrangerar, og det har tidlegare år vorte framført i ulike kyrkjer og forsamlingshus. Dette året er det Arna kyrkje som er valgt, og vi kan lova ei fin oppleving med gamle østerriiske julespel.



### FAT MED MOTIV AV ARNA KYRKJE

Dette fine fatet kan ein få kjøpa på Kyrkjekontoret i Borgstova. Det kostar kr. 100,- og vi har framleis ein del fat att. Overskotet av salet går til Kyrkjelydshuset.

## Konsert i Ytre Arna

Fredag 19/1 kjem den kjende songaren Gunnstein Draugedalen på nytt og held konsert i Ytre Arna kyrkje. Konserten tek til kl. 19.30.



Gunnstein Draugedalen

## Lagskort

Forsidebildet på dette julenummeret av Kyrkjelydsbladet er et motiv hentet fra de mange Lagskort. Kortene blir utgitt av Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (NKSS). De kan bestilles fra NKSS, Presteg.v. 1, 7016 Trondheim, telefon 07- 937276. I over 20 år har Laget gitt ut slike julekort med kristne motiv og tekster, og har på den måten skaffet penger til et utstrakt arbeid blant barn og ungdom.

## Takk for gåva

Ytre Arna sokneråd har motteke litt over kr. 6000 på postgiroblankettane som vart lagt i kyrkjelydsbladet sist. Pengane går til å dekkja kostnadene ved reparasjonen av Kyrkjelydshuset, og soknerådet takkar med dette for gåva.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

## JULEFESTAR

### BETANIA, LONE

27.12: Barnefest kl. 16.00 v/Hauge søndagsskule og Betania barnekor.

28.12: Julefest v/BUF og Y-ungdom kl. 19.00. Tale v/landsung.sekr. Willy Landro.

14.01: Borgafest kl. 16.00. Tale v/prost Kåre Mestad.

### ARNA BEDEHUS

27.12: Julefest kl. 17.00 v/Søndagsskulen og «Barnerøster». Song av «Barnerøster», programinnslag av søndagsskuleborn, julepregang og bevertning.

Heile familien er hjarteleg velkomne.

06.01: Julefest kl. 18.00.

Tale v/landsung.sekr. Willy Landro. Program for heile familien.

### TUNES BEDEHUS

17.12: Familiefest kl. 16.00.

Tale v/krinssekr. Nils Arne Lavik.

### HAUGLAND BEDEHUS

28.12: Barnefest kl. 17.00

v/Søndagsskulen.

07.01: Julefest kl. 17.00.

Tale v/Leif Nesheim.

### YTRE ARNA BEDEHUS

29.12: Søndagsskulen sin tradisjonelle julefest kl. 17.00. Sett av dagen allereide no og ver velkomne heile familien.

06.01: Julefest kl. 18.00.

### JULEFEST FOR ELDRE.

Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd innbyr alle eldre i Ytre Arna til julefest søndag 14. januar kl. 16.00 på Sentrum.

## Framsida som julekort

Framsida av kyrkjelydsbladet er denne gongen eit av julekorta som Norges Kristelige-Student og Skoleungdomslag gjev ut.

Desse korta vert selde til inntekt for det arbeidet dei gjer, og det er mange motiv å velja mellom. Medlemmar i skulelaga sel korta, og ein vil og kunna få kjøpt dei på Ytre Arna kyrkjekontor.

# Bangladesh-brev

Kjære vener.

Det er fleire månader sidan me reiste frå Arna, og me vil senda eit lite livsteikn frå oss her ute i Bangladesh. Aller fyrst takk til kyrkjelyden for fin avskilsgudsteneste og samling i Betania etterpå. Ikkje minst takk for billett og takk for løfte om forbøn. Det første er nødvendig for å få oss avgårde, det siste er ikkje minst viktig for å halda oss her ute. Det er klarare for oss enn nokon gong.

Det å koma ut igjen hadde me både gledd og grua oss til. Og for å samanfatta det trur eg me kan sei at det me gledde oss til vart endå meir gledeleg enn me trudde, og det me grua oss til vart verre enn me frykta. La oss ta det gledelege først: Det å møta våre vener igjen. Dei hadde venta på oss og det gjer jo godt. Mange kom faktisk tildels lange vegar for å sjå oss, helsa på oss, klemma oss, ja det var meir enn me venta. Og det gjorde godt, får innrømma det. Og kanskje gjorde den vesle appelsinfrukta frå ei fattig nabokone like godt som den store korga med frukt av mange slag vår rike muslimven kom med. Men aller best vart det kanskje det han sa ein fin kristen ven, ein av evangelistane: «Me har bedt for dykk og at de måtte koma ut igjen. No har me fått svar, nå må me takka.» Og så laut me ha bønestund der og då på kontoret, uavhengig av andre pasientar som måtte venta utafør. Då får ein heller lyst å stemma i med songaren: «Velsigna band som bind Guds folk isaman her.» Men alt var ikkje lett heller. Umiddelbart ser ein at fattigdomen er større, dei fattige er fleire enn før, ja, det er visst dei rike også. Og det er jo eit tanke-kors for den som vil grunda litt. I allefall er vareutvalget blitt større, forretningane fleire, større og finare; og køen med tiggjarar som står og ventar på den utanfor er også større og meir fattigslig enn tidlegare. «Dei fattige har de alltid hos dykk» sa Meisteren ein gong, og det er i sanning sant her ute. Tankefull vert ein også når vår kristne nyomvende ven kjem og viser at ein finger er blitt skjeiv pga av slag frå bror som var sint fordi han var blitt ein kristen. Nokre lyt lida også. Våre brør.

Men han var forresten glad også for nå ville ein bror også bli kristen, så då fekk han heller tola litt slag.

I det heilt private hos oss har det heller ikkje vore heilt smertefritt. Borna skulle bu i Dhaka på svensk internat og gå på svensk-norsk skule, ja, tildels korrespondanseopplegg for han i 7. klasse. 6-7 timars biltur er litt for langt til berre å stikka heimom. Det har nok prega både små og store den første tida, men det går betre. «Me har det bra nå, me er blitt vandt til å bu heimifrå», sa ein av dei nettopp, så det går visst an å venja seg til så mangt. Og skulen ellers er triveleg med ca. 30 elevar ialt. Stusseleg er det nok for foreldra å sitja igjen oppe i jungelen aleine. Vi gler oss til kvar friveke kvar femte veke, og ellers går det jo an å finna på eit ærend i hovedstaden om lengselen skulle bli for stor.

Me er på plass. Kirsten på småskulen i Brahmanbazar, Ottar i Helseprosjektet og borna på svensk-norsk skule i Dhaka. Me helsar til vener og takkar for økonomisk støtte til arbeidet og for forbøn. Salme 125. 1-2: «Herren vernar sitt folk».

Helsing frå Jostein, Kjetil, Marit Kristine, Kirsten og Ottar Hope.  
adr. SMNB Health Project  
P.O. Kajaldhara 3234  
Dt. Maulvibazar  
Bangladesh.

## Misjonsfest

Den årlege misjonsfesten vert halden i Arna Bedehus søndag 21. januar kl. 17.00. Ecuadormisjonæraner Sylvia og Berge Toppe vert med. Arna kyrkjekor syng. Misjonsinnslag av eindel unge.

Beverting. Misjonsoffer.  
Hjarteleg velkomne.

Misjonsforeningane i Arna

## «Smiler om dagen — græt om natta»

«Alle vi framande og flyktningar har ein sjukdom som vi ikkje heilt veit kva er, men som gjer oss triste. Dette må vi leva med heile livet,» sa ein ung vietnamesisk flyktning. — Mange flyktningar smiler om dagen og græt om natta. Dei må syna glede og takksemd over å få vera i Noreg. Problem, lengt, sorg og sakn må dei halda for seg sjølve.

Det er Stig Magne Heitmann, innvandrarprest tilsett i kristent innvandrarárbeid (KIA), som fortel dette. — Mange innvandrarár manglar norske vener dei kan snakka daglegdags med. Vi treng berre kunna norsk og ha tolmod for å verta vener med innvandraraner. Dei ønskjer å kom inn i ein norsk heim, sjå korleis vi møblerer, kikka i album, høyra om våre tradisjonar, feriar os.b.

### Ansvar for dei kristne

Den kristne kyrkjelyden har først og

fremst ansvar for dei kristne innvandraraner. Dei er våre søsken. Mange kjem til Europa frå ein kristen bakgrunn, men kjenner seg ikkje heime i nokon kristen kyrkjelyd og glir bort frå kristendommen. Dersom dei skal bli ståande og veksa i den kristne trua, treng dei eit kristent fellesskap. Vi må laga låge tersklar inn til dette fellesskapet.

### Misjonsutfordring

— Vidare har vi ansvar for å gi evangeliet vidare til menneske som ikkje kjenner det. Mange av innvandraraner i Noreg kjem frå land der det ikkje er lov å driva kristen misjon. Når dei kjem til Noreg, er dei interesserte i å læra om vårt land og vår kultur, også den kristne kulturarven. Her har vi rike høve til å fortelja om Jesus til menneske som ikkje kjenner han, seier Stig Magne Heitmann. Han er skuffa over at det langt inn i misjonsforeningane ikkje er syn for denne nye misjonsmarka i vårt land.



Likevel har boka og eit vidare sikte. Mange av bønene kan og friske menneske vera med i, og ei kvar bøn kan bes på vegne av dei som er hardare prøvd enn ein sjølv.


### 2) Egil Elseth: Elias Blix. Verk og virke.

Dette er ei ny bok i rekkja av fine portrett forfattaren har gjeve av fleire av dei kjende salmediktarane våre. Her vert me meir kjend med han som framfor nokon har fremja nynorsk salmesong i kyrkjene. Mange av salmane hans er blitt folkelege, og me får sett salmane inn i den samanhangen dei vart til i denne boka.

### 3) BIBELLESEPLAN

Forlaget gjev ut ei hendig og enkel bibelleseplan. Der finn ein avsnitt å lesa for kvar dag, og det er og tilvisningar til Salmeboka og Sangboka for høvelege salmar til teksten. Synest ein det er vanskeleg å lesa i Bibelen på eiga hand, er dette heftet eit fint hjelpemiddel.

Harald Sundsbø



## Festskrift som julegåve

Festskriftet til kyrkjejubileet i Ytre Arna har vorte svært godt motteke. Nesten 700 eksemplarer er selde til no, og seljarane som gjekk rundt kunne melda om stor interesse for boka.

Vi har framleis rikeleg att, og for utflytta Arna-buarar måtte vel dette vera ei fin julegåve? Boka kostar kr. 50.- og kan kjøpast på prestekontora i Arna og Ytre Arna, i begge kyrkjene og ho er og utlagt for sal i Sparebanken Vest i Ytre Arna.

## Seks rette om Ytre Arna kirke

Det var flere som hadde seks rette i vår konkurranse om Ytre Arna kyrkje i forrige nummer av Kyrkjelydsbladet. De tre uttrukne vinnerne er:

1. premie: Oddrun Granskogli, Arnatveit
2. premie: Bjarte Vesetvik, Ytre Arna
3. premie: Ole Håtuft, Trengereid. Riktige svar er:

- 1) Kven var sokneprest i Haus då Ytre Arna kyrkje vart vigsla?  
1) Wilhelm Magnus Landstad X) Ingvar Fykse 2) Andreas Aarflot
- 2) Kven var den første belgetrørar i Ytre Arna kyrkje?  
1) Siri Brunvoll X) Nils Boge 2) Svein Mjelde
- 3) Kva heite fabrikkiegaren som kom med tilbod om å byggja kyrkja utan kostnad for kommunen?  
1) Jurg Jebsen X) Jens Takvam 2) Peder Jebsen
- 4) Ein kapellan i Ytre Arna var kjent for sitt vennskap til Island og fekk send hundrevis av gjerdestaur til sagafolket. Kva heite han?  
1) Kjell Nese X) Harald Hope 2) Per Lønning
- 5) Olav Hagesæther var res. kap i Arna frå 1939 til 1945. I 1968 vart han utnevnt til eit anna embete. Kva embete var det?  
1) Biskop i Stavanger X) Domprost i Bjørgvin 2) Fylkeskogmeister i Hedmark
- 6) Arne Fabrikker overrekte Ytre Arna kyrkje som gåve til Arna soknestyre. Når skjedde det?  
1) 1936 X) 1949 2) 1899

1	X	2
X		
	X	
X		
	X	
X		
X		

## Avtroppende soknerådsmenn:


# Få flere med

I høst ble det valgt nye sokneråd som skal begynne sitt arbeid fra årsskiftet. Kyrkjelydsbladet har stilt fire spørsmål til de avtroppende soknerådsformennene i vårt prestegjeld: 1) Den største glede du har hatt i arbeidet i soknerådet?

2) Den største lede?

3) Hva mener du er den største utfordring for menigheten framover? 4) Hvilket råd vil du gi det nye soknerådet?

Her er svarene:




### Kjartan Hollekke, Arna:

1) Samarbeidet i soknerådet har vært helt fantastisk. Vi har kunnet diskutere så fyllene fauk, men har vært like gode venner for det og samarbeidet har gått veldig bra. Dessuten har den gode framgangen på alle felter med byggingen av Kyrkjelyds huset vært en stor glede.

2) Det som ligger nærmest i tid er den lave oppslutningen av soknerådsvalget i høst. Også mange av de faste kirkegjengerne lot være å slutte opp om soknerådsvalget. Dessuten går det på noe av det som vi ikke maktet å få gjennomført, nemlig en opptrapping av barne- og ungdomsarbeidet.

3) Den går nettopp på dette som gjelder barne- og ungdomsarbeidet i menigheten. Det må settes i gang lederopplæring slik at det kan satses enda mer på barna og ungdommen.

4) Det går igjen på barne- og ungdomsarbeidet. Mitt råd er at det nye soknerådet setter seg ned og diskutere hvordan de skal komme igang med lederopplæring på dette feltet. Jeg tror også det er svært viktig at det nye soknerådet så snart som mulig holder en samling for å bli skikkelig kjent med hverandre.



### Nils Kåre Olsen, Ytre Arna:

1) Hver gang vi har hatt arrangement som folk har sluttet godt opp om har det skapt glede, og slike arrangement har vi hatt ofte. Ikke minst har fellesmøtene mellom Indremisjonen, Pinsevevenene og soknerådet vært positive.

2) Det har ofte vært vanskelig å få folk med til å gjøre de mange forskjellige oppgavene som skal utføres. Det har vært en trofast gjeng av slitere som har stått på igjen og igjen, mens det har vært vanskelig å få flere med.

3) Den største utfordringen mener jeg er å få engasjert folk lokalt. Vi har hatt en rekke arrangementer med mye folk til stede, og det er positivt. Men det hadde vært godt å få engasjert flere i det kirkelige arbeidet.

4) Mitt råd er: Bruk menigheten. Vi var selv ikke flinke nok til å få engasjert folk. I menigheten er det store ressurser. Soknerådet må ut og spørre folk om de vil delta på de ulike felter i menighetens arbeid.

K O N S E R T

# ARNA KYRKJE


Søndag 10. desember kl. 19.00

## J. S. Bach's JULEORATORIUM


(DEL I-III)



TURID MOBERG, alt



RHODA ACHIENG GRAVEM,  
sopran



JOHN MAGNUSON, bass

MARIA MALMSTEN STEINKOPF, tekstlesar

HAUKELAND SONGLAG

PROSJEKTKORET

Musikere frå  
COLLEGIUM MUSICUMS ORKESTER

Dirigent Asbjørn Flåm

Billetter: Vaksne kr. 80.-, studentar, barn og pensjonistar kr. 60.-. Førehandsal: Arna kyrkjekontor.

Med støtte frå Bergen kommune, kulturavd. og Rikskonsertane.

Arr. Arna Kyrkje Kantor.

## JULEORATORIUM i Arna kyrkje

Søndag 10. desember kl. 19.00 går det av stabelen ein stor konsert i Arna kyrkje.

Då vert J.s. Bach juleoratorium framført av Haukeland songlag og Prosjektkoret saman med solistar og orkester.

Oriatoriet er eit mektig verk bestående av ialt seks delar. Under denne konserten vert dei tre første delane framført som bygger på Luk. 2. 1-20 (juleevangeliet).

Solistar er Rhoda Gravem, sopran, Turid Moberg, alt, og John Magnuson, bass.

Rhoda Gravem kommer opprinneleg frå Kenya men er idag bosett i Bergen og jobber som freelance-musikkar. Ho har ein allsidig musikalsk bakgrunn og repertoaret hennar spenner alt frå kenyansk folkemusikk til klassisk musikk. For 1990 er ho tildeelt Rikskonsertanes debutstøtte.

Turid Moberg kommer frå Os og er idag elev ved Bergen musikkonservatorium der ho studerar sang.

John Magnuson er ein mykje brukt solist i Bergen. Han jobber til dagleg ved Bergen musikkonservatorium som sanglærer.

Tenor-solisten er denne gang skifta ut med tekstlesar. Ein litt uvanleg framføringspraksis, men spennande.

Textlesar er Maria Malmsten Steinkopf.

Billetter til konserten er lagt ut på Arna kyrkjekontor og i kora for førehandsalg.

Gå ikkje glipp av denne konsert!

## Vikarprest Haugland sluttar

Godtfred Haugland sluttar som vikarprest i Arna ved årsskiftet. Då tek han til i eit årsvikariat i Biskopshavn. Han vert likevel buande i Ytre Arna i denne tida. Vi takkar han for fint utført teneste i Arna sidan midten av august.

Vikarordninga fram til sokneprest Nese kjem i midten av januar, er enno ikkje klar.

## Per Oddvar Hildre til Arna

Helga 5.-7. januar kommer den kjente norske korinstruktør Per Oddvar Hildre til Arna.

Hans namn er ikkje ukjent i norsk kor-samanheng. Best kjent kjenner vi han som dirigent for SKRUK og Det Norske Kammerkor.

Til dagleg jobbar Hildre som freelance-musikar, og han er ein svært ettertrakta seminar holdar rundt om i landet.

Kor seminaret tar til fredag 5. januar og vert avslutta med konsert i Arna kyrkja på søndagen, 7. januar, kl. 17.00.

Der vil det samansatte koret framføre negro spirituals, norske folketonar m.m. som dei har øvd inn i løpet av helga.

Sett av denne søndag ettermiddag til eit konsertbesøk i Arna kyrkje!

## Tannlege MNTF

## LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46  
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

Arna kyrkje

## KORKONSERT

Søndag 7. januar kl. 17.00

Dirigent *Per Oddvar Hildre*

Bill. kr. 30,.



## Døpte

### Arna sokn:

- 22.10: Thomas Åmot Rossnes, Eirik Andreas Meland Aadland, Michael Sundt Karlsen, Janne Daltveit, Ingvild Bortheim, Christel Kleiveland Bruvoll.  
29.10: Stian Flatås Mjelde, Aleksander Haukeland Lindkvist.  
12.11: Jon-Vegar Aga Kjærgaard, Jørgen Eikeland, Christine Mjelde, Hilde Bruvik Sagosen, Marianne Hordvik Eriksen.

### Ytre Arna sokn:

- 15.10: Nora-Kristin Majlaton, René Haukefær Grøttå.  
22.10: Marius Nesse Persson.  
5.11: Emilie Mjelstad.  
12.11: Camilla Raa Blomdal  
19.11: Silje Sagstad Kronen, Sveinar Sandvik, Ruben Torvund Endresen.

## Vigde

### Arna sokn:

- 07.10: Karl Seilen og Lillian Hermansen.  
27.10: Rune Lillefosse og Janniche Rødland.  
28.10: Reidar Saras André Johnsen og Mary Marthinussen

## † Døde

### Arna sokn:

- 20.09: Knut Jacobsen f. 1954. Gravlagd Vaksdal.  
30.09: Borghild Marie Herland f. 1908.  
15.10: Hjørdis Eliassen f. 1897.  
16.10: Sigrid Haugsvær f. 1933.  
27.10: Magnus Ringås f. 1913.  
11.11: Olaf Angelskår f. 1923.  
13.11: Alfred Anthun f. 1927.

### Ytre Arna sokn:

- 2.10: Johannes Gaupås f. 1932  
29.10: Brita Andersen f. 1904, gravlagd frå Arna kyrkje.  
31.10: Fridtjof Johan Frantzen f. 1921

## Ofringar

### Arna sokn:

- 08.10: Song og musikkarb. i kyrkjelyden 1768,-  
15.10: Norsk Lærarakademi 2849,-  
22.10: Kalfarkollektivet 3107,-  
29.10: Kristenfolkets Edruskapsråd 1699,-  
05.11: Arna kyrkjelydshus 2509,-  
12.11 Kristent innvandrerarbeid 2487,-

### Ytre Arna sokn:

- 08.10: Norsk Lærarakademi 888,-  
15.10: Menighetsfakultetet 1.164,-  
22.10: Ytre Arna barnekor 1.400,-  
05.11: Kyrkjelydshuset 5.395,-  
12.11: Norsk Gideon 784,-  
19.11: Det Hvite Bånd 855,-

### Takvam kapell:

- 23.04: Konfirmasjonsgudst. 1.164,60  
28.05: Avskjedsgudst. for sokneprest Ø. Øy. Til kyrkjelydshus i Arna 1.530,00  
19.08: Misjonsstemna. Norsk Luthersk Misj.samband 1.011,00  
13.09: Søndagsskulens 100 års-jubileum «Norsk Søndagsskuleforbund 860,00  
02.10: Misjonsfestsamling Den Norske Tibetmisjon 2.800,00



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna kyrkje: 7.1, 21.1, 11.2.  
Ytre Arna kyrkje: 7.1, 21.1, 11.2.  
I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd 14.1, 4.2.

## Kyrkjeskyss frå Haukeland/Espeland

- |        |                  |               |
|--------|------------------|---------------|
| 10.12: | Ingrid Hope      | tlf. 24 08 08 |
| 17.12: | Nils Minde       | tlf. 24 01 54 |
| 24.12: | Magne Mestad     | tlf. 24 00 14 |
| 24.12: | Berit Haugsvær   | tlf. 24 08 15 |
| 25.12: | Sverre Myklebust | tlf. 24 29 05 |
| 25.12: | Ingrid Hope      | tlf. 24 08 08 |
| 26.12: | Nils Minde       | tlf. 24 01 54 |
| 31.12: | Magne Mestad     | tlf. 24 00 14 |
| 01.01: | Berit Haugsvær   | tlf. 24 08 15 |
| 07.01: | Sverre Myklebust | tlf. 24 09 05 |
| 14.01: | Ingrid Hope      | tlf. 24 08 08 |
| 21.01: | Magne Mestad     | tlf. 24 00 14 |

## Sokneprest-innsetting

Sokneprest Kjell Nese vert innsett i tenesta søndag 14. januar ved gudstenesta i Arna kyrkje. Då vert prost Kaare Nødtvedt med, og det vert sjølvsgagt kyrkjekaffi som velkomstfest i Arna bedehus etter gudstenesta. Søndag 21. januar vert det gudsteneste i Ytre Arna og 28. januar vert det på Trengereid og Takvam. Også desse stadene vert det kyrkjekaffi med høve til å verta kjend med den nye presten.

## Nye messehaklar i Arna kyrkje

Arna sokneråd har fått godkjent og kjøpt inn 2 nye messehaklar: grøn og fiolett. Desse er no tekne i bruk. Noko av midlane er komne frå kommunen og resten har soknerådet sjølv betalt.

Det står då att å få ein kvit messehakel til festtidene i kyrkjeåret.

## Julaftan i Arna kyrkje

Dette året fell julaftan på søndag. I Arna kyrkje vert det då familiegudsteneste også om føremiddagen. Den kjem i staden for ei gudsteneste om ettermiddagen, slik at det vert 3 gudstenester i alt dette året også.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



## KIRKENS SOS

Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot

Den Norske Kirkes bekjennelse.

Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.

Ta kontakt med oss snarest.

# Fint jubileum i Ytre Arna

Kyrkjelyden i Ytre Arna kan sjå tilbake på 90-års jubileet med glede og takk. Oppslutnaden var over alle forventningar. Stappfull kyrkje var det om føremiddagen. I gudstenesta deltok 5 prestar: Prost Kaare Nødtvedt, Finn Halle Tvedt, Øyvind Øy, Ingvar Fykse og Harald Fykse og Harald Sundsbø. Utenom prosten har alle gjort teneste i kyrkjelyden her. Fin korsong var det og, og svært mange av dei 250 i kyrkja la vegen til Grendahuset Sentrum etterpå. Der var det duka bord til vel 160 personar, og fullsett og meir til vart det.

Arnold Nævdal heldt eit fint og interessant kåseri med tilbakeblikk på lokale og kyrkjelege tilhøve. Helsingar vart det også og gaver kom det frå fleire, mellom anna Sanitetsforeninga, Arna Sangforening, Arna sokneråd og Kirkeavdelingen i kommunen. Husmorlaget og Sanitetsforeninga var og gode medhjelparar med praktisk hjelp.

Om kvelden var kyrkja på nytt fullsett til ein fin konsert der Arne Musikforening og kyrkjekora saman med solistar stod for programmet.

## MØTER

### Betania, Lone

09.12: Laurdagssamling kl. 16.00

10.12: Familiemøte kl. 16.30.

Tale v/Asle Hetlebakke.

14.12: Nattverdmøte.

17.12: Møte v/BUF.

1.01: Møte v/NLM

4.01: Nattverdmøte

7.01: Møte v/BUF

18.-

21.01: Møteveke v/Finmarksmisjonen.

### Arna bedehus

2.12: Ungdomskveld

3.12: Adventssamling kl. 17.00.

7.12: Eldretreff kl. 17.00

### Ytre Arna bedehus

5.-

7.12: Møter v/Den indre sjømannsmisjon

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland, Ingvald Straume.

**Forretningsfører:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum AS, Ytre Arna.

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

**Kåre Bj. Hope**

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

**TLF. 24 08 08**



## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

*Alltid til tjeneste*

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

*- til bygdefolket sitt beste*

Skal det vera TV - Elektrisk - Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,

og det De kjøper her

kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit - telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## FOKUS Bank

Banken i Arna - for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

**FOKUS BANK**  
avd. Arna

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna - Tlf. 24 04 96

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

**Bil - Båt og  
varetransport**



**NOROL**

**ARNATVEIT  
AUTO SENTER**

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Des. 10** 2. s. i advent. Luk. 12, 35-40  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kristen Idrettskontakt.  
Arna kl. 19. JULEORATORIUM. Haukeland Songlag. Prosjektkoret, Collegium Musicum m.fl.  
Unneland kl. 16.30. Lysmesse. Vikarprest Haugland.  
Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Sosialtjeneste.  
Ytre Arna kl. 19. Lysmesse. Res.kap. Sundsbø.
- Des. 17** 3. s. i advent Matt. 11, 11-19  
Arna kl. 11. T. Brekkeflat. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.  
Arna kl. 19. JULEKONSERT.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.  
Ytre Arna kl. 19. JULEKONSERT.
- Des. 20** Arna kl. 19. VI SYNG JULA INN.
- Des. 24** 4. s. i advent/julaftan.  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Lone Skulemusikk. Takkoffer til Diakoniutvalet.  
Arna kl. 15. FAMILIEGUDSTENESTE. Vikarprest Haugland. Indre Arna barnerøyster. Takkoffer til Kirkens Nødhj.  
Arna kl. 16. FAMILIEGUDSTENESTE. Vikarprest Haugland. Betanien Barnekor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 15. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna/Haugland skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Trengeid kl. 14.30. Krinssekr. I. Hageberg. Trengeid Skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Takvam kl. 14. Forstandar Audun Tang. Tunes skulemusikk.
- Des. 25** 1. juledag Joh. 1, 1-14.  
Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.  
Ytre Arna kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Vikarprest Haugland. Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- Des. 26** 2. juledag, Matt. 10, 22-39.  
Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. nattverd. Takkoffer: Døves menighet.  
Trengeid kl. 11. HØGTIDSGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
- Des. 31** Søndag etter jul. Joh. 1, 16-18.  
Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Takkoffer til Norsk Diakonihøgskole.  
Arna kl. 23.15. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer Barne- og ungdomsarbeidet i Arna.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Diakoniutvalet i Arna.
- Jan. 01** Nyttårsdag, Matt. 1, 20b-21  
Arna kl. 11. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernteppet.
- Jan. 07** Kristi openberringsdag. 1. Tim. 3, 14-16  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Dronning Mauds Minne.  
Arna kl. 17. KONSERT.  
Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste.
- Jan. 14** 1. s. e. Kr. openberring. Joh. 1, 29-34.  
Arna kl. 11. Prost Nødtvedt og sokneprest Nese.  
INNSETJING AV NY SOKNEPREST.  
Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Sondagsskule. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Fredag**  
**Jan. 19.** Ytre Arna kl. 19.30. KONSERT. Gunnstein Draugedalen og Per Tveit.  
**Jan. 21** 2. s.e. Kr. openberring Joh. 4,5-26.  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Sondagsskule.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekaffi.

Frist for levering av stoff til neste nummer av Kyrkjelyds- bladet er torsdag 4. januar.